

Redegjering for aktsomhetsvurdering etter openheitslova

for perioden 1. januar – 31. desember 2023

Tysnes Sparebank

1. Generell informasjon om Tysnes Sparebank

Organisering

Tysnes Sparebank er ein sjølvstendig sparebank med tradisjonar tilbake til 1863. Banken sitt hovudkontor er på Våge i Tysnes Kommune og banken er ein viktig aktør i kommunen. Banken er eit fullverdig finanshus som tilbyr tenester innafor lån, sparing og forsikring. Kundane er både personkundar og bedriftskundar, men med hovudvekt på personmarknaden.

Ved utgangen av 2023 er det 20 fast tilsette i banken. Leiinga består av:

Banksjef: Dag Sandstå

Økonomisjef: Karoline Dalen

Leiar personmarknad: Siren Simonnes

Leiar bedriftsmarknad: Gjermund Vik

Leiar risiko og compliance: Elin Irene Veland

AHV-ansvarleg: Torill A. Drange

Tysnes Sparebank er som sparebank ein sjølveigande institusjon som driv tradisjonell sparebankverksemd. Eigenkapitalen er bygd opp av sparebankens fond (resultata frå drifta sidan banken vart etablert, i dag er grunnfondet på totalt 207 millioner kroner) og eigenkapitalbevis (228 millioner kroner, inkl. foreslått utbytte for 2023).

Finansføretakslova fastset styringsstrukturen for banken. I forstandarskapet, som er det høgaste organet i banken, er det tolv medlemer, som er valde for fire år. Av desse er tre valde av kommunestyret, tre er valde av innskytarane, tre er valde av eigenkapitalbevisegarane, og tre er valde av dei tilsette i banken. Forstandarskapet vel styret, som har som oppgåve å leia banken i samsvar med lover og vedtekter. Det er styret si oppgåve å tilsetja banksjef.

Styret består av 6 medlemer, som er valde for to år om gongen. Eit styremedlem og ein observatør skal veljast av og blant bankens tilsette. Banken skal ha eit eige risiko- og revisjonsutval med tre medlemmer som er valde av og mellom medlemmane i styret. Minst eit av styremedlemene og eit av medlemmane i risiko- og revisjonsutvalet har økonomikompetanse i tråd med krav om at eit styremedlem skal ha rekneskaps- eller revisorkompetanse.

Banken har gjennomført fem vellukka eigenkapitalemisjonar dei siste åra for å sikre framtidig vekst. Dei 20 største eigarane pr 31.12.2023:

	Antal Ek-bevis	Eigarandel
Meidell AS	367.834	19,5 %
AOI Holding AS	282.823	15,0 %
NP Holding AS	75.896	4,0 %
Verdipapirfondet Eika Egenkapitalbevis	71.665	3,8 %
Sætre Holding AS	66.429	3,5 %
Alsaker Eiendom AS	63.000	3,3 %
Kommunal Landspensjonskasse Gjensidig Forsikringsselskap	48.100	2,5 %
Jørgen og Gjertrud Digernæs legat	41.666	2,2 %
Gårdsenden AS	40.930	2,2 %
PTT Invest AS	40.122	2,1 %
Enzo AS	19.710	1,0 %
Stein Malvin Tveit	17.340	0,9 %
Kikamo AS	16.500	0,9 %
Gailac AS	14.000	0,7 %
Montem AS	13.938	0,7 %
Bataks AS	13.263	0,7 %
Haslelund Holding AS	12.500	0,7 %
Arve Nyhus	11.743	0,6 %
Odd Reidar Hovland	11.710	0,6 %
IBA Invest AS	11.482	0,6 %
Sum 20 største	1.240.651	65,7 %
Øvrige 379 eigarar	646.797	34,3 %
Sum totalt antall eigenkapitalbevis (pålydande kr 100)	1.887.448	100,0 %

Tysnes Sparebank er ein del av Eika Alliansen. Eika Alliansen består av alliansebankane, konsernet Eika Gruppen og selskapet Eika Boligkreditt, som er eigd av alliansebankane. Konsernet Eika Gruppen består av morselskapet Eika Gruppen AS, og datterselskapa Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmegling. Eika Gruppen si kjerneverksemd er å sjå til at lokalbankane har moderne og effektiv bankdrift gjennom gode og effektive produktleveransar, inkludert å førestå anskaffelse på vegne av bank. Eika Boligkreditt er alliansebankane sitt kredittforetak, med konsesjon til å utsteda obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Hovudføremålet er å sikre bankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering.

Produkt og tenester

Banken tilbyr tenester innan lån, sparing og forsikring. Kundane er både personkundar og bedriftskundar, men med hovudvekt på personmarknaden.

Marknader verksemda operer i

Tysnes Sparebank sitt hovudkontor er på Våge i Tysnes kommune. Banken sitt primære marknadsområde er Sunnhordland, Hardanger og Os/Fusa-området. Banken har salskontor på Stord og Husnes, i tillegg til møteplassar i Laguneparken utanfor Bergen, Seimfoss og Halsnøy. På møteplassane kan banken møte kundane i nærområdet etter avtale.

Forankring av arbeid med menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold

Banken har tydelege retningslinjer som tar omsyn til banken sitt samfunnsansvar i høve etikk, antikvitvask, helse, arbeidsmiljø og sikkerhet både internt og ut mot kundar og leverandørar. Samfunnsansvar og berekraft har eige avsnitt i årsrapporten 2023. Dette blir oppdatert kvart år og er forankra i styret.

Frå årsrapport 2023

Ved utgangen av 2023 er det 20 fast tilsette i banken. Desse er fordelt på 14 kvinner og 6 menn. I Tysnes Sparebank har ein lagt vekt på likestillingsarbeidet i fleire år, og banken si målsetjing er likestilling på alle nivå så langt det er praktisk mogleg. Styret i banken er sett saman av 3 kvinner og 3 menn. Banken har ikkje sett i verk spesielle tiltak når det gjeld likestilling siste året.

Banken praktiserer ein personal- og rekrutteringspolitikk som er i samsvar med diskrimineringslova sitt føremål om å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, og å hindre diskriminering grunna etnisitet, nasjonal opprinning, hudfarge, språk, religion og livssyn. For arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne vert arbeidet individuelt tilrettelagt. Tysnes Sparebank legg til rette for at rekrutteringar skjer frå eit breitt utval av samfunnet, og for at eldre arbeidstakarar kan få eit yrkesaktivt liv fram til alderspensjonering.

Det fysiske arbeidsmiljøet i banken er godt, og styret har ikkje funne det naudsynt å setje inn spesielle tiltak på området. Samarbeidet mellom dei tillitsvalde og leiinga er tilfredsstillande. Banken sikrar tilsette sin innverknad gjennom godt samarbeid med dei tillitsvalde innan dei ramer og tradisjonar som gjeld for bransjen.

Tysnes Sparebank har tydelege retningslinjer som tar omsyn til banken sitt samfunnsansvar i høve etikk, antikvitvask, helse, arbeidsmiljø og sikkerheit både innomhus og ut mot kundar og leverandørar.

Kunnskap om berekraft hos banken sine tilsette er nøkkelen til godt berekraftsarbeid og rådgjeving. Banken har søkelys på at alle tilsette skal ha ein grunnleggjande og god kompetanse på området og har i 2023 hatt berekraft kick off, og kompetanseoppdatering på ulike tema. Eika Alliansen gjev god støtte til banken både i form av informasjon, kurs og med årleg berekraftsveke.

Verksemnda til banken fører ikkje til ureining av det ytre miljøet.

Berekraft og aktsomhetsvurdering

I høve innføring av openheitslova i 2022, som har til føremål å fremje verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold, samt å sikre allmennheita tilgang til informasjon, er banken pålagt ei informasjonsplikt og ei plikt til å mellom anna gjennomføre årlege aktsomhetsvurderingar. Ein rapport på dette området skal utferdigast og publiserast på banken si nettside innan 30. juni. Ansvar for oppfølging og etterlevelse av openheitslova, er plassert hos styret.

Banken oppretta i 2022 ei eiga rolle for berekraftsansvar for å sikre oppfølging og merksemd på temaet i åra som kjem. Her vil også pliktene banken har for korleis verksemnda skal utføre aktsomhetsvurderingar bli tatt hand om.

Tysnes Sparebank har eigne retningslinjer for berekraftig utvikling og samfunnsansvar, og retningslinjer for utkontraktering, noko som bidrar til at banken gjer berekraftige anskaffelsar. Dei større anskaffelsane blir gjort i samarbeid med Eika alliansen via Eika Gruppen AS. Eika Gruppen AS har eigen policy for berekraft, der dei forpliktar seg til å levere berekraftige produkt og tenester til banken.

For å styrkje merksemnda ytterligare innan berekraftige tilpasningar og val, har banken i 2023 starta analyse av eiga verksemd med tanke på kva og kven banken påverkar og blir påverka av, som del av opstart av berekraftsanalyse med CSRD. Dette arbeidet vil halde fram i 2024, og vil vere ein kontinuerleg prosess også vidare.

Varslingskanalar

Banken legg til rette for eit godt ytringsklima, der kritikkverdige forhold blir tatt opp, diskutert og løyst, slik at banken kan oppretthalde sin etiske standard og avdekke eventuelle lovbrudd eller uakseptabel adferd.

Det er egne retningslinjer utarbeida som skal vere tilgjengelege og godt kjend for dei tilsette. Dette gjeld også for identifisering og handtering av interessekonfliktar. Verneombod og dei tillitsvalde er tilgjengeleg for dei ansatte.

2. Negative konsekvensar og risiko

Tysnes Sparebank har iht. openheitslova plikt til å utføre aktsomhetsvurderingar. Dette gjeld både internt, og av leverandørar og forretningspartnarar.

I banken sin *interne* aktsomhetsvurdering for 2023 fann ikkje banken faktisk negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til menneskerettigheter eller anstendige arbeidsforhold.

Det er vurdert at den største risikoen for negativ påverknad for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold er hos forretningspartnarar og i leverandørkjeder. Når det er sagt, så er banken sine leverandørar i all hovudsak selskap underlagt norsk lovregulering, herunder arbeidsmiljølova og openheitslova.

Leverandørar og forretningsforbindelsar

Eika Gruppen førestår fleire større anskaffelsar på vegne av Eika-bankane, og derav også Tysnes Sparebank. Styret i Eika Gruppen har vedtatt policy for anskaffelsar og utkontraktering, samt oppdatert policy for berekraft med krav om aktsomhetsvurdering av avtalar inngått av Eika Gruppen. Dette gjeld også for avtalar som blir inngått av Eika Gruppen på vegne av bankane.

Det følger av forarbeid til lova at verksemdar vil kunne samarbeide om utførelse av aktsomhetsvurderingar. Banken vil i slikt tilfelle vurdere at Eika Gruppen sine aktsomhetsvurderingar er av god kvalitet. Tysnes Sparebank har innhenta dokumentasjon: Eigenerklæring frå Eika Gruppen, datert 14.05.2024, og Eigenerklæring frå Eika Boligkreditt, datert 21.05.2024. Banken har også tilgang til dei avtalar Eika Gruppen har inngått som er aktsomhetsvurdert, med status per februar 2024. Aktsomhetsvurderingane blir vurdert som tilfredsstillande, og det er difor ikkje naudsynt at Tysnes Sparebank kartlegg den same risikoen i leverandørkjeda. Me kan med det ha merksemd retta mot øvrige delar av verksemda i aktsomhetsvurderinga.

Tysnes Sparebank har enkelte leverandørar og forretningsforbindelsar som banken har direkteavtalar med og som får direkte oppfølging. Dette gjeld produkt og tenester som blir levert direkte til banken og ikkje via Eika-alliansen.

Banken har eit oppsett for klassifisering av risiko i forbindelse med openheitslova, og leverandørar og forretningsforbindelsar si etterleving av denne lova. I 2023 er det verksemdar omfatta av openheitslova som er blitt risikovurdert. Leverandørane som er omfatta av lova har dokumentert sin etterlevelse, enten i form av rapport eller liknande dokumentasjon, eller ved informasjon på verksemda si nettside.

I 2023 vart det også sendt ut spørreskjema til enkelte leverandørar; Behandling av data og ESG. Det var sendt ut til dei av våre leverandørar som vart vurdert å kunne vere i risikosone ut frå aktsomhetsvurdering. I år vart tre leverandørar plukka ut.

Overordna risiko er delt inn i tre grupper, der kvar av desse har underpunkt som skal bli vurdert. Dersom det kjem fram manglar eller negative påverknader hos leverandørar eller forretningsforbindelsar, skal vidare undersøkingar gjennomførast. Dersom banken finn graverande brudd eller store negative

påverknader på enten klima og miljø, sosiale forhold eller på etikk og ansvarleg næringsliv, skal leverandør/forretningsforbindelse følgast opp ekstra og bli vurdert avslutta/erstatta dersom det ikkje blir imøtekome endringar til det betre. Alle vurderingar blir dokumentert og lagra i eiga mappe for berekraftsarbeid internt i Tysnes Sparebank.

For nye leverandørar og forretningspartnarar vil banken opprette rutine for å innhente signert eigenerklæring, og evt. også innta ESG-bilag som eige kontraktsbilag, ved inngåelse av avtalar. ¹

Tysnes Sparebank har i 2023 ikkje avdekket faktisk negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeder eller hos forretningspartnarar.

3. Tiltak

Som nemnt over, har banken ikkje identifisert faktisk negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negativ påverknad på menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold i rapporteringsperioden. Selskapet har med det ikkje måtte handtere tilfelle der negative konsekvensar eller vesentleg risiko føreligg.

Retningslinjer for tiltak der det er avdekket auka risiko, vil bli innført i løpet av 2024.

Tysnes Sparebank vil i 2024 halde fram arbeidet med å ivareta pliktene etter loven. Banken opplever at openheitslova er innarbeidd i selskapet sine styringsdokument og verktøy. Etter banken sin vurdering er det framleis behov for å jobbe for å sikre vidare implementering. Det er også ønskeleg med ytterligere praktisk erfaring og trening i gjennomføring av aktsomhetsvurderingane og oppfølging av tiltak. Dette vil følgast opp løpande.

For ytterligere informasjon, ta kontakt på e-post: openheit@tysnes-sparebank.no.

Dato: 18. 06. 24

Stad: Tysnes



Dag Sandstå

Banksjef



Bente Raknes

Styreleiar

¹ Banken vurderer at rutine vil gjelde i standardiserte avtalar, ikkje ved tilfeldige småkjøp.